

MYKLEBUST



Nybø og Rabben i framgrunnen.

124. *Mandius Haraldsson*, 1870-1945, jekteskipper og landhandlar, g. m *Marta Tomasdotter Haugland*, 1889-1971, feste Nybø og Rabben 1897.

Mandius Myklebust dreiv jakta «Signy» i lag med Lars Johan Torgeirsson Myklebust, f. 1860, bonde på bnr. 17.

Mandius og Marta hadde verksemd på sjø og land. Marta stod for butikken, og ho hadde sju barn:

- a. Olav Bjarne, 1911-, g. m. Elly Årvik, Malkenes,
- b. Arne Martin, 1913-, g. m. Grete Haugse,
- c. Magnhild, 1916-, g. m. Harald Krydsby, Bergen,
- d. Sylvi Tordis, 1919-, g. 1940 m. Leif Larsson Olderkjær,
- e. Maren Alette, 1926-, g. m. Herman Tobiasson, USA,
- f. Harald, 1928-, g. m. Matilde Legland, Strandvik,

g. Hjørdis Marie, 1932-, g. m. Harald Nilsen, som eig Nilsen Handel.

125. *Olav M. Myklebust*, 1911-, kjøpte 1938 denne eigedommen av DWRS, og eig etter matrikkelen 1965 gnr. 123, bnr. 22.



Sandajekto. Foto omkr. 1910.

Mandius Myklebust og Lars Johan Myklebust var syskenbarn, ikkje brør slik vi skreiv i ein artikkel om jektene Mathilde og Segny (Sandajekto).

Mandius var jekteskipper og landhandlar. Han hadde verksemd på sjøen og land.
Kona Marta (f. Haugland) stod i butikken. Lars Johan Torgeirsson Myklebust dreiv i tillegg bruk nr. 17 på Myklebust.
Sønene hans Martin og Johan var dei siste som gjekk med Sandajekto.

I Kvinnherad 3 finn du eit lite bilete av Sandajekto frå om lag 1910 (sjå over, klikk på sida så vert det tydeleg).

Takk til merksame lesarar som ser og melder frå om feil. Dette gjeld særleg i historiske artiklar. Det skal vera rett.

Av Kristian Olav Bringedal